



Vestfold
og Telemark
revisjon

Eigarstyring og styrevalprosessar

Eigarskapskontroll | Nissedal kommune

Innhold

1.	Samandrag	3
2.	Innleiing	5
2.1.	Kontrollutvalet si bestilling	5
2.2.	Problemstilling og vurderingskriterium	5
2.3.	Avgrensing.....	5
2.4.	Metode og kvalitetssikring	5
2.5.	Fråsegn frå den som utøver eigarfunksjon og selskap	6
3.	Eigarskapsmelding og informasjon	7
3.1.	Kriterium	7
3.2.	Eigarskapsmelding og informasjon – data	7
3.3.	Revisor si vurdering av eigarskapsmelding og informasjon	9
4.	Handsaming av eigarsaker	10
4.1.	Kriterium	10
4.2.	Handsaming av eigarsaker.....	11
4.3.	Årsmeldingar til kommunestyret.....	13
4.4.	Revisor si vurdering av handsaming av eigarsaker	13
5.	Styreval.....	15
5.1.	Kriterium	15
5.2.	Fakta.....	16
5.3.	Revisor si vurdering av styreval	22
6.	Konklusjonar og tilrådingar	25
6.1.	Konklusjonar.....	25
6.2.	Tilrådingar.....	26
	Litteratur og kjeldereferansar	27
	Vedlegg.....	28
	Vedlegg 1: Eigarrepresentant og selskapa si fråsegn.....	28
	Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring.....	31

1. Samandrag

I denne eigarskapskontrollen har vi undersøkt kommunen si eigarskapsmelding, handsaming av eigarsaker og styreval i eit utval selskap.

Selskapa som kommunen eig, leverer viktige tenester til innbyggjarane og forvaltar betydelege økonomiske interesser for kommunen. God informasjon til folkevalde organ og klare styringslinjer er viktig for den demokratiske kontrollen av desse selskapa. Eit godt samansett styre med ei samla kompetanse som er tilpassa selskapet sitt behov, er ein viktig faktor for at selskapa skal fungere godt.

Tema 1 – Eigarmelding

Eigarskapsmeldinga skal både gi informasjon om kommunen sin eigarskap og rammer for eigarstyringa. Nissedal kommune si eigarskapsmelding er frå 2018. Innhaldet er i samsvar med minstekrava i kommunelova, men vi ser at informasjon, som namn og eigardel for fleire av selskapa, er utdatert. For å vere i samsvar med kommunelova, må kommunen i kvar valperiode utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret vedtar. Det er tilrådeleg å gjere dette så tidleg som mogeleg i valperioden.

Tema 2 – Handsaming av eigarsaker

Gode rutinar for handsaming av eigarsaker er viktig, både for å sikre god informasjon til folkevalde organ og for å ha tydelege styringslinjer. Vi vurderer at kommunen delvis har etterlevd dei retningslinjene for handsaming av eigarsaker som vi har undersøkt.

I den undersøkte perioden (2021 til juni 2022) ser vi at det er gitt orienteringar i kommunestyret om nokre av dei utvalde selskapa. Det også er handsama vedtakssaker om nokre av selskapa i kommunestyret og/eller formannskapet. Kommunestyret har ikkje fått framlagt årsmeldingar frå nokon av selskapa i perioden.

Frist for utsending av innkalling til generalforsamling eller representantskap er bestemt av lov eller av selskapet sine vedtekter/selskapsavtale. Over halvparten av innkallingane til generalforsamling/representantskap for dei utvalde selskapa i den undersøkte perioden er sendt innan gjeldande frist.

Ved eit høve har vi sett at eit styremedlem i selskapet som var part i saka, ikkje melde seg ugild, men har tatt del i kommunen si handsaming av saka.

Tema 3 – Val av styre og kompetanse

Val av styre er ei av dei viktigaste eigarhandlingane, det er både eit høve for kommunen som eigar til å påverke drifta til selskapet, og det er viktig for å sikre ei god kompetansesamansetjing i styret.

Bruk av valnemnd er eit tiltak som kan hjelpe prosessen både ved å samordne dei forskjellige eigarane og for å sikre ei lovleg og føremålstenleg samansetjing. Alle dei selskapa vi har undersøkt nyttar valnemnd. Med eit unntak er alle styrevala i den undersøkte perioden i samsvar med lovkravet om kjønnsrepresentasjon i styret. Alle selskapa der det er valt meir en eit varamedlem har valt vara i rekkefølge.

Det er lite skriftleg dokumentasjon av rammene til valnemndene og av arbeidet deira. Det gjer det vanskeleg undersøke kva dei vektlegg i sitt arbeid. For alle selskapa unntatt eit, viser likevel dokumentasjonen som ligg føre, at valnemndene legg til grunn at alle eigarane skal vere representert i styret.

I kommunen si eigarskapsmelding blir blant anna kompetanse framheva som eit omsyn som skal leggest til grunn når styra skal settast saman. Vi finn lite dokumentasjon som viser at valnemndene har vektlagt dette i sitt arbeid.

Tilrådingar

- For å oppfylle krava i kommunelova må kommunestyret i Nissedal vedta oppdatert eigarskapsmelding kvar valperiode, helst tidleg i valperioden.
- Kommunen bør som eigar ta initiativ for å sikre at selskapa sender ut innkalling til generalforsamling/ representantskap i samsvar med gjeldande fristar.
- Kommunen bør sikre at årsmeldingar frå selskap blir lagt fram for kommunestyret i samsvar med retningslinene i eigarskapsmeldinga.
- Kommunen bør vurdere om kommunestyret får tilstrekkeleg informasjon om selskapa som kommunen eig.
- Kommunen bør sikre at valnemndene i selskapa tek omsyn til gjeldande føringar om styresamsetjing i eigarskapsmeldinga.
- Kommunen bør treffe tiltak for å sikre at krava til habilitet blir ivaretatt både i administrativ og politisk handsaming av eigarskapssaker.

2. Innleiing

2.1. Kontrollutvalet si bestilling

Eigarskapskontrollen er bestilt av kontrollutvalet i Nissedal kommune i sak 2/22 og 11/22. Bestillinga byggjer på kommunen sin plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for 2021-23.

Reglane om eigarskapskontroll står i kommunelova § 23-2 første ledd bokstav d, jf. § 23-4 og § 24-2, og i forskrift om kontrollutval og revisjon.

2.2. Problemstilling og vurderingskriterium

Rapporten handlar om følgjande problemstillingar:

- Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande krav?
- Handsamar kommunen eigarsaker i samsvar med eigne retningslinjer og tilrådingar frå KS?
- Er styrevalprosessane for selskapa lagt til rette og gjennomført i samsvar med lovkrav, kommunen sine retningslinjer og tilrådingar frå KS?

Kriteria¹ i denne eigarskapskontrollen er henta frå kommunelova, aksjelova, IKS-lova, KS sine tilrådingar for eigarstyring og selskapsleiing og frå kommunen si eigarskapsmelding, delegasjonsreglement og andre relevante vedtak i kommunen. Kriteria er utgreidde og går fram under kvar problemstilling nedanfor.

2.3. Avgrensing

Eigarskapskontrollen dekkjer perioden 2021 og første halvår i 2022 (til og med juni).

2.4. Metode og kvalitetssikring

Eigarskapskontrollen er gjennomført av Trygve Børsting, og Kirsti Torbjørnson er oppdragsansvarleg. Rapporten er kvalitetssikra i samsvar med VTR sine rutinar for kvalitetssikring.

Informasjonen som vi byggjer på, er henta inn gjennom dokument (innkallingar, protokollar, reglement og liknande) og intervju/skriftlege spørsmål med eigarrepresentantar og selskapsleiing.

Kontrollen rettar seg mot kommunen som eigar. Vi har undersøkt praksis for eigarstyring i eit utval av selskapa som kommunen har eigarskap i. Ved val av selskap la vi vekt på eigardel, variasjon i selskapsform og type verksemd. Vi valde ut selskapa

- Vest-Telemark brannvern IKS (Brannvernssamarbeidet)

¹ Det skal alltid utleiast vurderingskriterium i eigarskapskontrollar, jf. RSK 002 Standard for eierskapskontroll, som definerer god kommunal revisjonsskikk, jf. kommunelova § 24-2 andre ledd. RSK 002 er utarbeida og vedtatt av Norges kommunerevisorforbund.

- Kvito AS med dotterselskap (KVITO)
- Vest-Telemark PPT IKS (Vest-Telemark PPT)
- Vest-Telemark Kraftlag holding AS med dotterselskap (Vest-Telemark Kraftlag holding AS)
- Vest-Telemark Næringsbygg AS² (Vest-Telemark Næringsbygg)

I selskap med private eigarandelar (Vest-Telemark Næringsbygg AS) har ikkje kontrollutvalet innsynsrett, jf. kommunelova § 23-6. Vi har likevel fått den informasjonen vi har bedt om frå selskapet.

Det står meir om metode og tiltak for kvalitetssikring i vedlegg 2 til rapporten.

2.5. Fråsegn frå den som utøver eigarfunksjon og selskap

Rapporten er sendt til uttale til kommunen ved den som utøver eigarfunksjonen og til selskapa som er omtalt i rapporten, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Vi har mottatt høyringssvar eller tilbakemelding frå alle selskapa og kommunen. Vi har ikkje mottatt eige høyringssvar frå eigarrepresentant i kommunen. Eit avsnitt i høyringssvaret frå Vest-Telemark er tatt inn i faktabeskrivinga på side 20. Høyringssvara ligg i vedlegg 1.

² Privat medeigarskap.

3. Eigarskapsmelding og informasjon

Har kommunen eigarskapsmelding i samsvar med gjeldande krav?

3.1. Kriterium

Ifølgje kommunelova § 26-1 skal kommunen minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret sjølv skal vedta. Eigarskapsmeldinga skal innehalde

- kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i
- kommunen sine formål med eigarinteressene

KS peikar på at informasjonen om formål ikkje gjeld selskapet sitt formål, men skal gi svar på kvifor kommunen har eigarskap i selskapet.

Kommunen skal aktivt informere om verksemd som andre rettssubjekt utfører på vegne av kommunen, og skal legge til rette for at alle kan få tilgang til slik informasjon, jf. kommunelova § 4. I kommunen si eigarskapsmelding går det fram at Nissedal kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og at informasjonen skal vera tilgjengeleg for alle.

På dette grunnlaget har vi utleidd følgjande kriterium:

Minst ein gong i valperioden skal kommunen utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret sjølv skal vedta.

Eigarskapsmeldinga skal:

- innehalde kommunen sine prinsipp for eigarstyring
- gi oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap/verksemder
- vise kommunen sine formål med eigarskapen

Nissedal kommune skal vere open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.

3.2. Eigarskapsmelding og informasjon – data

Kommunen si eigarskapsmelding er vedtatt for perioden 2018-2021, vedteken av kommunestyret i sak 55/18. Kommunedirektøren har opplyst til revisjonen at det ikkje er planar om å handsame eigarskapsmeldinga i inneverande kommunestyreperiode.

Kommunen sine prinsipp for eigarstyring

Eigarskapsmeldinga er i fire delar. Kommunen sine prinsipp for eigarstyring går fram av del 2. Følgjande av eigarstyringsprisippa er relevante for denne eigarskapskontrollen:

- 2) *Nissedal kommune fremjar sine interesser gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte. Kommunen føreset at styret sjølv kontrollerer leiinga av selskapet på vegne av eigarane.*
- 3) *Kommunens formelle eigarorgan er kommunestyret. Kommunestyret har eit tilsyns- og kontrollansvar for kommunens eigarskap, og vedtek eigarmelding og eigarstrategiar for dei selskapa kommunen har eigarinteresser i. I selskap med fleire eigarkommunar bør kommunane utarbeide felles eigarskapsmelding og utbyttepolitikk.*
- 4) *Årsmeldingar blir lagt fram for kommunestyret, som og skal få jamleg informasjon om selskapa. Kommunestyret går i starten av ny kommunestyreperiode gjennom dei selskapa som dei ønskjer selskapskontroll for.*
- 5) *Det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg. [...]*
- 9) *Nissedal kommune skal vera open om sin eigarstrategi og selskapa si verksemd, og informasjon skal vera tilgjengeleg for alle.*
- 10) *Nissedal kommune sine styrerepresentantar skal vera registrert i styrevervregisteret.*

Oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap/verksemd

Eigarskapsmeldinga gir oversikt over kommunen sine eigarinteresser i selskap. Oversikta dekker både aksjeselskap, interkommunale selskap og andre former for interkommunalt samarbeid. Også selskap med private eigardelar er med. Informasjonen om selskapa og eigardelane er frå 2018. Etter 2018 har det skjedd endringar i fleire av selskapa, både endringar av namn og eigardelar. Eigarskapsmeldinga er ikkje oppdatert med slik informasjon.

Kommunen sine formål med å eige

Eigarskapsmeldinga har eit kapittel om eigarstrategiar for dei ulike selskapa. Her blir det gjort greie for både selskapa sine formål og kva formål kommunen har med eigarskapen i selskapet.

Informasjon om eigarstrategi og selskapa si verksemd

Eigarskapsmeldinga er ikkje å finne på kommunen sin nettstad. Vi finn ikkje samla informasjon om selskapa si verksemd og eigarstrategi, og søk med søkeord «eigarstrategi», «eigarskapsmelding», «eigarstyring» gir ikkje treff.

Vi har sett om kommunen gir informasjon om selskapa si verksemd på andre måtar:

Under ulike tenester på nettstaden er det lenka til dei selskapa som leverer desse tenestene, til dømes brannvernsamarbeidet, Kvito og PPT.

Kommunen si årsmelding pkt. 4.2 listar opp interkommunale samarbeid som leverer tenester til kommunen og som er organisert som IKS eller organisert etter kommunelova § 27.³ Årsmeldinga omtalar ikkje eigarstrategi eller selskapa si verksemd. Kvito AS, VTK Holding eller Vest-Telemark Næringsbygg AS er ikkje nemnde i kommunen si årsmelding.

Note 5 til årsrekneskapen viser kommunen sine innskot/eigardeler i aksjeselskap og interkommunale selskap. Informasjonen er ikkje oppdatert om alle selskapa.

3.3. Revisor si vurdering av eigarskapsmelding og informasjon

Kommunen har ei eigarskapsmelding med eit innhald som er i samsvar med minimumskrava i kommunelova. Eigarskapsmeldinga syner kommunen sine prinsipp for eigarstyring, og gir oversikt over kva selskap kommunen eig og kva formål kommunen har med å eige selskapa. Oversikten over kva kommunen eig er ikkje oppdatert med endringar i selskapsnamn og eigardelar etter 2018.

Kommunestyret i Nissedal har ikkje handsama eigarskapsmeldinga i denne valperioden og kommunedirektøren har opplyst at kommunen ikkje har planer om dette. Kommunelova § 26 krev at eigarskapsmeldinga skal handsamast av kommunestyret kvar valperiode. Formålet med dette kravet er både å sikre at informasjonen i eigarskapsmeldinga er oppdatert og at retningslinjer og føringar er i samsvar med det sitjande kommunestyret sine ynskje, og å bidra til at politikarane får god kjennskap til kommunen sitt eigarskap. Kommunen pliktar såleis å legge opp til at kommunestyret får ei oppdatert eigarskapsmelding til handsaming kvar valperiode, og bør gjere det så tidleg i valperioden at formålet med regelen blir stetta.

Eigarskapsmeldinga er ikkje å finne på kommunen sin nettstad. Det er såleis ikkje lett for innbyggjarane å halde seg orientert om kommunen sine eigarskap og eigarstrategiar.

³ Etter ny kommunelov må § 27-selskapa omdannast innan utgangen av 2023, jf. kommunelova § 31-2.

4. Handsaming av eigarsaker

4.1. Kriterium

Handsamar kommunen eigarsaker i samsvar med retningsliner i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS?

Ifølgje aksjelova skal innkallingar til generalforsamling sendast ut med minst ei veker varsel. Lengre frist kan fastsetjast i vedtektene. Innkallingsfrist etter IKS-lova er 4 veker. Også her kan ein setje lengre frist i selskapsavtalen.

KS rår til at kommunen etablerer føreseielege kommunikasjonsformer mellom kommunestyret og eigarorganet, og at dette bør gå fram av eigarskapsmeldinga. Slik sikrar ein engasjement, debatt og reell politisk avklaring i eigarsaker. For å få til politisk handsaming av eigarsaker, rår KS til at ein tar inn reglar om innkallingsfrist i selskapsavtale/vedtekter, slik at den fristen er bindande for selskapet.

Av eigarskapsmeldinga går det fram at årsmeldingar frå selskapa skal bli lagt fram for kommunestyret, som også skal få jamleg informasjon om selskapa.

I kommunen sitt delegasjonsreglement (vedtatt av kommunestyret i sak 26/13) står det at formannskapet får mynde til å utøve kommunen sin eigarskapspolitikk i samsvar med eigarskapsmeldinga (pkt. 3.2.3.).

Etter ein eigarskapskontroll i 2019 vedtok kommunestyret å legge til rette for å handsame eigarsaker i samsvar med retningsliner i eigarskapsmeldinga og tilrådingar frå KS. Det går fram av tilbakemeldinga til kontrollutvalet at eigarsaker som treng vedtak for å kome vidare vil bli godt følgde opp, men at ein som hovudregel vil legge fram eigarsaker for kommunestyret som referatsaker.

På dette grunnlaget har vi utleidd følgjande kriterium:

- **Innkallingar skal sendast ut i samsvar med gjeldande innkallingsfrist.**
- **Eigarsaker skal leggjast fram for formannskapet eller kommunestyret.**
- **Årsmeldingar frå selskapa skal leggjast fram for kommunestyret til orientering.**

4.2. Handsaming av eigarsaker

Innkallingsfristar

Tabell 1 viser kva frist som gjeld for innkalling til ordinær generalforsamling eller representantskap i dei utvalde selskapa.

Tabell 1 Innkallingsfrister til generalforsamling/representantskap for dei utvalde selskapa

Selskap	
Brannvernsamarbeidet IKS	4 veker, jf. IKS-lova og selskapsavtalen
Kvito AS	2 veker, jf. vedtekter
Vest-Telemark PPT IKS	4 veker, jf. IKS-lova og selskapsavtalen
Vest-Telemark Krafflag holding AS	3 veker, jf. vedtekter
Vest-Telemark Næringsbygg AS	2 veker, jf. vedtekter

Eigarsaker 2021

Tabell 2 Dato for innkalling og møte i generalforsamling/representantskap og handsaming/informasjon i kommunestyre/formannskap i 2021

Selskap	Innkalling	Møtedato	Overheldt frist for innkalling	Handsaming eller informasjon i kommunestyre eller formannskap
Brannvern-samarbeidet	07.01.21	13.01.21	Hastemøte, jf. IKS-lova § 8, tredje ledd*	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.
	29.04.21	30.04.21	Nei	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.
KVITO	11.05.21	14.06.21	Ja	Kommunestyre 16.06.21: orienteringssak om generalforsamling
Vest-Telemark PPT	18.05.21	02.06.21	Nei	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.
	07.11.21	11.11.21	Nei	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.

Selskap	Innkalling	Møtedato	Overheldt frist for innkalling	Handsaming eller informasjon i kommunestyre eller formannskap
Vest-Telemark Kraftlag holding	14.06.21	29.06.21	Nei	Formannskapet 02.12.21 og Kommunestyre 09.12.21: sak om aksjonærlåneavtale Kommunestyre 16.06.21: orienteringssak om generalforsamling
Vest-Telemark Næringsbygg	05.05.21	01.06.21	Ja	Kommunestyre 16.06.21: orienteringssak om generalforsamling

**I innkallinga til møte i Brannvernssamarbeidet 13.01.21 er det vist til hasteparagrafen i IKS-lova, for å få på plass eit lovleg styre som kunne legge fram rekneskapen.*

Tabellen over viser at det er berre KVITO og Vest-Telemark Næringsbygg som har overhalde den ordinære fristen for utsending av innkalling til generalforsamling. Brannvernssamarbeidet si generalforsamling 07.01.21 vart innkalla som eit hastemøte, noko det etter omstenda kan vere høve til etter IKS-lova § 8, tredje ledd.

Vidare viser tabellen at det i 2021 vart orientert til kommunestyret om generalforsamlinga i KVITO, Vest-Telemark kraftlag og Vest-Telemark Næringsbygg. For to av selskapa vart dette gjort etter at generalforsamlinga var gjennomført. For Brannvernssamarbeidet og Vest-Telemark PPT vart det ikkje gitt orientering. I tillegg til orienteringane behandla formannskap og kommunestyre ei eigarsak om VTK Holding (aksjonærlåneavtale).

Eigarsaker 2022

Tabell 3 Dato for innkalling og møte i generalforsamling/representantskap og handsaming/informasjon i kommunestyre/formannskap i 2021

Selskap	Innkalling	Møtedato	Overheldt frist for innkalling	Handsaming eller informasjon i kommunestyre eller formannskap
Brannvernssamarbeidet	29.03.22	30.04.22	Ja	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.
KVITO	31.05.22	13.06.22	Nei, ein dag for kort.	Formannskap 17.02.22: søknad om koronakompensasjon.

Selskap	Innkalling	Møtedato	Overheldt frist for innkalling	Handsaming eller informasjon i kommunestyre eller formannskap
Vest-Telemark PPT	7.11.21	26.01.22	Ja	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.
	31.05.22	13.06.22	Nei	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.
Vest-Telemark Kraftlag Holding	Varsel 27.05.22 Innkalling 03.06.22	17.06.22	Varsel: ja Innkalling: nei	Formannskap 17.03.22: orienteringssak om eigarmøte.
Vest-Telemark Næringsbygg	07.06.22 (frå protokoll)	23.06.22	Ja	Ikkje handsaming eller orientering i kommunestyre eller formannskap.

Tabellen viser at ved tre av dei seks representantskapa/generalforsamlingane i 2022 har selskapa overhalde fristen for innkalling. Ved eit høve var selskapa rett nok berre ein dag unna å halde fristen. Eit av dei andre selskapa sendte eit varsel innan fristen om når innkallinga kom til å bli sendt.

Vidare viser tabellen at det i 2022 ikkje vart gitt orientering om generalforsamling eller representantskap i dei utvalde selskapa. Det vart gitt ei orientering til formannskapet om eit eigarmøte i VTK Holding. Det vart behandla ei eigarsak om KVITO i formannskapet (koronakompensasjon). Vi kan ikkje sjå av saksframlegget eller protokollen at kommunaldirektøren, som er styreleiar for Kvito, har meldt seg ugild i denne saka. Det følger av forvaltningslova § 6, første ledd, bokstav e, nr. 2 at han som styreleiar er ugild i alle saker der Kvito er part. I tillegg blir heile kommuneadministrasjonen ugild til å avgjere saker der Kvito er part, jamfør forvaltningslova § 6, tredje ledd.

4.3. Årsmeldingar til kommunestyret

Vi kan ikkje sjå at årsmeldingar for dei utvalde selskapa har blitt lagt fram for kommunestyret. Vi har heller ikkje sett døme på at årsmelding frå andre selskap der kommunen er eigar har blitt lagt fram.

4.4. Revisor si vurdering av handsaming av eigarsaker

Kommunen har delvis etterlevd retningslinjene for handsaming av eigarsaker. I den perioden vi har undersøkt er det gitt orienteringar om nokre av selskapa i forbindelse med generalforsamling,

representantskap eller eigarmøte. Det er også behandla andre saker om selskapa ved to høve. Kommunen har ikkje lagt fram årsmeldingar frå selskapa i samsvar med eigen eigarskapsstrategi.

Innkallingsfristen til interkommunale selskap er 4 veker, jf. IKS-lova § 10. Denne innkallingsfristen går også fram av selskapsavtalane.

Brannvernssamarbeidet i 2021 og Vest-Telemark PPT i 2021 og 2022 har ikkje sendt ut innkalling i samsvar med lovpålagt frist.

Aksjeselskapa har alle utvida innkallingsfrist i vedtektene. Innkallingane til KVITO i 2022, Vest-Telemark holding i 2021 og 2022 var ikkje sendt ut i samsvar med fristen i selskapa sine vedtekter.

Det vil seie at over halvparten av innkallingane ikkje er sendt ut i samsvar med fastsett frist.

Kommunen bør som eigar sikre at selskapa sender innkalling i samsvar med fastsette fristar. Dette er viktig for at kommunen skal ha høve til å vurdere sakene som skal handsamast på generalforsamling/representantskap og vurdere behovet for eventuell orientering eller politisk handsaming før generalforsamling/representantskap.

Vi vurderer at kommunen ikkje har etterlevd eigarskapsmeldinga si når det gjeld å legge fram selskapa sine årsmeldingar for kommunestyret i den undersøkte perioden. Det er likevel behandla to eigarskapsaker i kommunestyre og formannskap i den undersøkte perioden. I tillegg er det gitt nokre orienteringar for kommunestyre og formannskap i samband med generalforsamling og eigarmøte. Dette tyder på at saker som treng vedtak, blir lagt fram til politisk handsaming.

På bakgrunn av våre funn meiner vi at kommunen bør vurdere om formannskap og kommunestyre får tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine eigarskap, og eventuelt vurdere tiltak for å sikre at dei politiske organa får tilstrekkeleg informasjon. Uansett bør kommunen sikre at selskapa overheld fristen for innkalling til generalforsamling eller representantskap.

5. Styreval

5.1. Kriterium

Er styrevalprosessar for selskapa lagt til rette og gjennomført i samsvar med lovkrav, kommunen sine retningslinjer og tilrådingar frå KS?

Val av styre er ei av dei viktigaste oppgåvene til eigar. Styreval og samansetjing er dels regulert i lovverket og dels i selskapa sine vedtekter. I tillegg kan kommunen sine eigarskapsprinsipp gi føringar for korleis ein skal arbeide med styreval, og KS har også tilrådingar til kommunane om dette.

Det er generalforsamlinga eller representantskapet som skal velje styre, jf. aksjelova § 6-3 og IKS-lova § 10.⁴

Begge kjønn skal vere representert i styra, med definert tal på medlemmer (svarar til minst 40%), jf. kommunelova § 21-1⁵ og IKS-lova § 10 første ledd. Faste medlemmer og varamedlemmer skal teljast kvar for seg, og medlemmer valde av dei tilsette skal ikkje reknast med.⁶

Valperioden er fire år, om ikkje anna er fastsett i selskapet sine vedtekter.

KS har fleire tilrådingar, vi nemner desse fire:

- ***Anbefaling 9: Sammensetning og kompetanse i styret***

Eier bør gjennom selskapets eierorgan sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskapets formål og virksomhet. Spørsmål om habilitet i valg av styremedlemmer skal også vurderes. Det anbefales også at selskapet sikrer opplæring av styremedlemmene.

- ***Anbefaling 10: Valgkomite og styreutnevnelser***

Det bør fastsettes i vedtektene eller selskapsavtalen at valg av styrer bør skje ved bruk av valgkomite. Det bør lages retningslinjer som regulerer komiteens arbeid.

- ***Anbefaling 12: Rutiner for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyrene***

Eier bør anbefale styret å jevnlig vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Styret bør derfor etablere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse.

⁴ Eigne reglar om val av styremedlemmer av og mellom dei tilsette, jf. aksjelova § 6-4 og IKS-lova § 10 åttande ledd ff.

⁵ Gjeld selskap der kommunar/fylkeskommunar til saman eig minst 2/3 av aksjane.

⁶ Ot.prp. nr. 97 (2002-2003) kap. 10 pkt. 10.1, s. 57 og Prop. 46 L (2017-2018), merknaden til § 21-1.

- **Anbefaling 14: Oppnevne numeriske vararepresentanter**

Det anbefales at det oppnevnes varamedlemmer til styret i selskaper. Ordningen med numeriske varamedlemmer bør benyttes for å sikre kontinuitet og kompetanse i styret.

Det følger av Nissedal kommune sine eigarskapsprinsipp at det bør nyttast valnemnd som grunnlag for å setje saman styra i selskapa. Vidare at styra skal setjast saman ut frå kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål. Styret sitt arbeid skal evaluerast jamleg.

På denne bakgrunnen har vi etablert følgjande kriterium for vurderinga:

- Kjønnssamansetjinga i styret skal vere i samsvar med gjeldande lovkrav.
- Det bør vere numerisk varaordning for styret.
- Valnemnd bør vere regulert i selskapsavtale/vedtekter.
- Generalforsamling/representantskap bør fastsetje retningsliner for valnemnda sitt arbeid.
- Valprosessen bør sikre at styresamansetjinga er tilpassa formålet og verksemda til selskapet.
- Selskapet bør ha tiltak for styreopplæring.
- Styret sitt arbeid bør evaluerast jamleg.

5.2. Fakta

5.2.1. Vest-Telemark brannvern IKS

Styresamansetjing

Styret i Vest-Telemark brannvern består av 6 medlemmer valt av generalforsamlinga.

Styremedlemmene blir valt for to år av gangen. Det blir praktisert at halve styret er på val kvart år. Det kjem fram av vedtektene at varamedlemmer blir valt i rekkefølge. Denne ordninga vart innført frå og med generalforsamlinga i april 2021.

I januar 2021 gjennomførte selskapet eit ekstraordinært representantskap for få valt et lovleg styre, mellom anna å sikre korrekt kjønnssamansetjing (styret bestod då av fire kvinner og to menn). Kjønnssamansetjinga av styra som har vore valde i 2021-2022 visast i tabellen under.

Tabell 4 Kjønnssamansetjinga i Vest-Telemark brannvern IKS etter at styrevalet er gjennomført

	2021 (ekstraordinært)		2021 (ordinært)		2022	
	Medlem	Varamedlem	Medlem	Varamedlem*	Medlem	Varamedlem**
Kvinner	3	3	3	3	3	1
Menn	3	3	3	2	3	2

* Eit varamedlem ble ikkje valde. ** Tre varamedlem ble ikkje valde.

Representantskapa i 2021 (ordinært) og 2022 har ikkje valt så mange varamedlemmer som det følger av selskapsavtalen. I 2022 er dette grunngjeve i protokollen med at nokre av kommunane ikkje har gitt tilbakemelding på kven som skal fylle «deira» plass, og at det i eit tilfelle var foreslått ein kandidat som ikkje er valbar.

Protokoll frå representantskap tyder på at det blir praktisert at eit styremedlem og eit varamedlem blir valt frå kvar eigarkommune.

Valnemnd

Selskapet har vedtektsfesta valnemnd. Valnemnda består av tre medlemmer som blir valde av generalforsamlinga. Det går fram av vedtektene at valnemndas innstilling skal følge innkallinga til representantskapet. Utover dette er det ikkje nokon retningslinjer for valnemnda sitt arbeid.

Vi har motteke innstillinga frå valnemnda for dei ordinære representantskapa i 2021 og 2022. Vi ser at desse er mottekne av selskapet to og ein dag før møte. Valnemnda har ikkje grunngjeve innstillinga. Vi har ikkje motteke protokoll frå møta i valnemnda.

Kompetanse i styret

Utover føresegna i selskapsavtalen om val og storleik på styret, er det ikkje andre retningslinjer i selskapet for samansetjinga av styret, til dømes kva som er ønskjeleg kompetanse i styret.

Selskapet har ikkje styreinstruks. Det er heller ikkje andre rutinar for evaluering av styret sitt arbeid, og det er ikkje gjennomført slike evalueringar.

Det er ikkje gjennomført kompetansevande tiltak for styret i 2021 og 2022.

5.2.2. Kvito AS med dotterselskap

Styresamansetjing

Kvito AS har eit styre som består av fire medlemmer valt av generalforsamlinga.⁷

Styremedlemmene blir valt for to år av gangen og halve styret er på val kvart år for å sikre kontinuitet. Varamedlemmene til styre blir valt i numerisk rekke, dette vart gjort for fyrste gong i 2022. Tabellen under viser kjønnsamansetjinga i styra som er valde i 2021-2022.

Tabell 5 Kjønnsamansetjinga i Kvito AS etter at styrevalet er gjennomført

	2021		2022	
	Medlem	Varamedlem	Medlem	Varamedlem
Kvinner	1	3	2	2
Menn	3	1	2	2

⁷ I tillegg blir eit styremedlem valt av dei tilsette.

Oppstillinga av styremedlemar tyder på at kvar eigarkommune har «sitt» styremedlem og varamedlem, men dette er ikkje vedtektsfesta.

Styra i Kvito-konsernet er gjennomgåande, det vil sei at det er same styret i Kvito som i dotterselskapet i Kvito Utvikling og kompetanse.

Valnemnd

Kvito har ikkje vedtektsfesta valnemnd, men selskapet har hatt ei valnemnd sidan 2021. Valnemnda består av tre medlemmer.

Det føreligg ikkje retningslinjer for valnemnda. Vi har ikkje motteke protokoll frå valnemnda sine møter. I 2021 vart det ikkje lagt fram innstilling frå valnemnda, mens den i 2022 vart formidla skriftleg til representantskapet. Innstillinga i 2022 viser kva kommunar dei forskjellige styremedlemmane kjem frå. Valnemnda grunngjev ikkje innstillinga si.

Kompetanse i styret

Kvito har ikkje retningslinjer for styresamansetjing. Dagleg leiar opplyser at samansetjinga av styret er valnemnda sitt ansvar. Vi har ikkje fått dokumentasjon som viser kva kompetanse selskapet meiner dei har behov for i styret.

Kvito har gjennomført styreevaluering i 2022. Evalueringa er gjort som ei spørjeundersøking til styret og dagleg leiar. Denne viser mellom anna at alle respondentane var einige eller svært einige i at «styrets medlemmer har komplementær kompetanse som dekkjer behovet til verksemda.» Styreevaluering går fram som et punkt på styret sin møteplan.

Det er ikkje gjennomført styreopplæring tidlegare, men styret har no bestemt at det skal gjennomførast styreopplæring kvar haust til nye styremedlemmer.

5.2.3. Vest-Telemark PPT

Representantskapet gjorde fleire endringar i selskapsavtalen til selskapet i juni 2022. Endringane som er gjort krevje vedtak i kommunestyra, jamfør IKS-lova § 4, vi kan ikkje sjå at avtalen er vedtatt av Nissedal kommunestyret enno. Vi har likevel valt basert oss på den nye selskapsavtalen.

Styresamansetjing

Styret i Vest-Telemark PPT valt i 2022 består av 6 styremedlemmer og ingen varamedlemmer. Alle styremedlemmene vart valt samtidig for ein periode på to år.

Selskapsavtalen fastsett at alle eigarane skal være representert i styret, men fastsett ikkje talet på styremedlemmer eller varamedlemmer. IKS-lova § 4 fastsett at talet på styremedlemmer skal fastsettast i selskapsavtalen.

Tabellen under viser korleis kjønnsamansetjinga i styret er etter at styrevalet er gjennomført. Sidan selskapet vel heile styret for to år, var det ikkje styreval i 2021. I 2022 vart det ikkje valt varamedlem.

Tabell 6 Kjønnsamansetjinga i Vest-Telemark PPT etter at styrevalet er gjennomført

	2021	2022	
		Medlem	Varamedlem
Kvinner	Ikkje noko styreval	3	Ingen valde
Menn		3	Ingen valde

Valnemnd

I selskapsavtalen av 2022 går det fram at representantskapet vel styret etter framlegg frå arbeidsutvalet til Vest-Telemark rådet,⁸ det vil seie at arbeidsutvalet er selskapet si valnemnd. Selskapet har ikkje nokon instruks for arbeidet til valnemnda.

Kompetanse i styret

Utover det som står om tal på styremedlemmer og varamedlemmer i selskapsavtalen, har selskapet ikkje føringar for samansetjing av styre, til dømes kompetansebehov. Selskapsavtalen beskriv kort kva ansvar styret har i selskapet og gjennomføring av styremøte, men ein har ikkje fastsett styreinstruks.

Styret gjennomførte ei evaluering våren 2022. Dette var ei spørjeundersøking som gjekk til styreleiar, eit styremedlem, eit varamedlem og leiar for representantskapet. Dagleg leiar har ikkje kjennskap til at det vart gjennomført evaluering i 2021.

I styreevalueringa våren 2022 har alle sagt seg einig eller svært einig i påstanden «styrets medlemmer har komplementær kompetanse som dekkjer behovet til verksemda.» Dagleg leiar har også gitt uttrykk for at styret⁹ hadde ei kompetansesamansetjing som dekte selskapet sitt behov, og at ho opplevde å få god fagleg støtte frå styremedlemmene.

Det er planlagt å gjennomføre styreopplæring hausten 2022.

5.2.4. Vest-Telemark kraftlag Holding AS med dotterselskap

Styresamansetjing

Styret i Vest-Telemark kraftlag Holding AS består av seks medlemmer som er valt av generalforsamlinga.¹⁰ Det er fastsett i vedtektene at heie styret blir valt samtidig og for to år. Vidare

⁸ Arbeidsutvalet består av regionordførar, regionvaraordførar, leiar av rådmannsutvalet og regionrådsleiar/dagleg leiar.

⁹ Med referanse til styret som var valt i perioden 2020-2022.

¹⁰ I tillegg blir to styremedlemmer blir valt av dei tilsette.

går det fram av vedtektene at varamedlemmene blir valt i rekkefølge. Rekkefølgeval vart gjort for fyrste gong i 2021.

Samansetjinga av styret blir bestemt av ein aksjonærvtale frå 2001. I praksis gir avtalen kvar kommune rett til å utpeike eit styremedlem.

I 2018 vart det vedteke ein felles eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag. I saksframlegget står det: «At ikkje alle er på val samstundes er viktig for å sikre kontinuitet i styret og for å oppretthalde kompetanse, og dermed gjere styret betre i stand til å vere ein aktiv sparringspartnar og kontrollinstans ovanfor administrasjonen.» Dette ser ikkje ut til å ha blitt følgt opp i eigarstrategien eller på anna måte overfor selskapet.

I høyringssvaret til rapporten skriv selskapet følgjande om styreval:

Etter at kravet om 3 av kvart kjønn kom, så har heile styret vore på val kvart andre år. Dette for å sikre full fleksibilitet i høve til kjønnsfordelinga mellom eigarane.

Med val kvart år ville det vera høvesvis 2M+1K og 1M og 2K. GF har difor sett bort ifrå eigarstrategien på dette punktet.

Utfordringa i høve til kontinuitet er vel heller at styremedlemer blir bytta ut som konsekvens av endring i politisk makt i kommunen (etter kommuneval).

I førre årtusen vart dette i mindre grad vektlagt.

Styra i konsernet er gjennomgåande, det vil seie at styremedlemmane i Vest-Telemark kraftlag holding også sit i styra i Vest-Telemark Kraftlag Nett og Vest-Telemark Kraftlag.¹¹ Generalforsamlinga i 2021 uttrykte ønskje om å ha gjennomgåande representasjon.

I 2021-2022 er det gjennomført eit styreval i 2021. Tabellen under viser kjønssamansetjinga etter dette valet for dei tre selskapa i konsernet.

Tabell 7 Kjønnsbalanse i styra til Vest-Telemark kraftlag etter vala i 2021.

	Vest-Telemark Kraftlag Holding		Vest-Telemark Kraftlag Nett		Vest-Telemark Kraftlag	
	Medlem	Vara-medlem	Medlem	Vara-medlem	Medlem	Vara-medlem
Kvinner	3	3	2	0	1	1
Menn	3	3	1	1	2	0

¹¹ Som står for kraftproduksjon, fiber og straumsal.

Valnemnd

Vest-Telemark Kraftlag Holding har ikkje vedtektsfesta valnemnd, men valnemnda er regulert i den felles eigarstrategien. Det går fram at ordførarane i eigarkommunane utgjer valnemnda som innstiller til generalforsamlinga. Det blir presisert at varamedlemmer skal vere i rekkefølge og at lovkravet til kjønnsbalanse skal overhaldast. Vidare er det også omtala kva kompetanse styret bør ha, sjå neste avsnitt. Utover dette er det ikkje laga instruks for valnemnda. Vi har ikkje fått framlagt protokoll frå valnemnda sine møter. Administrerande direktør opplyser at innstillinga blir lagt fram munnleg for generalforsamlinga. Vi har ikkje motteke grunngjeving for valnemnda si innstilling.

Kompetanse i styret

Eigarstrategien framhevar at styret skal settast saman slik at det kan ta vare på interessene til eigarfellesskapet og selskapet sine behov for kompetanse og mangfald. Det går fram kva kompetanse som det er eit føremon at styret har i fellesskap: «juss, økonomi og finans, teknikk, HMS og risikostyring, og røynsle frå styrearbeid eller leing av næringsverksemd.»

Administrerande direktør opplyser at dagens styre manglar kompetanse innan juss og erfaring frå privat næringsliv.

Administrerande direktør fortel at selskapet ikkje har fast rutine for styreevaluering, men at det er gjort ei eigenvurdering for nokre år sidan. Vi har ikkje motteke dokumentasjon på dette.

Administrerande direktør opplyser at selskapet gjennomfører styreopplæring i etterkant av vala. Det blir då gjennomført styreseminar med eksterne og interne forelesarar.

5.2.5. Vest-Telemark Næringsbygg AS

Styresamansetjing

Styret i Vest-Telemark Næringsbygg består av fem medlemmer og eitt varamedlem som er valde av generalforsamlinga for to år. Vedtektene legg opp til at to medlemmer er på val det eine året og tre er på val det andre året. Tabellen under viser styret sin kjønnsamansetjing etter styrevala i 2021 og 2022.

Tabell 8 Kjønnsamansetjinga i Vest-Telemark Næringsbygg AS etter at styrevalet er gjennomført

	2021		2022	
	Medlem	Varamedlem	Medlem	Varamedlem
Kvinner	2	0	2	0
Menn	3	1	3	1

Oppstillinga i protokollen frå generalforsamlinga tyder på eit ønskje om geografisk spreing av styremedlemmane.

Valnemnd

Valnemnd er ikkje vedtektsfesta for selskapet. Selskapet har likevel ei valnemnd bestående av tre medlemmer. Det er ikkje vedtatt retningslinjer for valnemnda. Både i 2021 og 2022 vart valnemnda si innstilling framlagt skriftleg, men begge er datert til dagen før generalforsamlinga skulle haldast. Innstillinga frå 2021 inneheld en del informasjon om kandidatane, mellom anna: fødselsår, utdanningsbakgrunn, stilling og bukommune. Innstillinga for 2022 er det mindre informasjon om kandidatane, berre bustadkommunen er opplyst i 2022. Det er ikkje gitt ei konkret grunngjeving for innstillinga til valnemnda korkje i 2021 eller 2022.

Kompetanse i styret

Vedtektene fastset tal på styremedlemmer og varamedlemmer. Utover dette er det ikkje retningslinjer for samansetjinga av styret, til dømes ønska kompetanse. Vi er ikkje kjende med at selskapet har styreinstruks.

Vurdering av arbeidsforma til styret inngår som ein del arbeidsplanen til styret i 2022. Dette ligg inne som eit punkt i siste styremøte før generalforsamlinga. Selskapet kan syne til protokoll som viser at evaluering vart gjort munnleg i eit styremøte i 2021. Det går ikkje fram om kompetansesamansetjinga var vurdert. Selskapet gjennomfører styreopplæring kvart andre år. Dette vart sist gjennomført våren 2022 som ei strategisamling og seminar over to dagar.

5.3. Revisor si vurdering av styreval

Alle selskapa nyttar valnemnder ved val av styre, men vi ser at det er lite skriftleg dokumentasjon av rammene for valnemndene og arbeidet deira.

Styra som er valde i den undersøkte perioden oppfyller lovkravet til kjønnsrepresentasjon. Unntaket er Kvito i 2021, der det blir valt et styre med tre menn og ei kvinne, mens det blant varamedlemmene var tre kvinner og ein mann. I vurderinga av kjønnsbalanse skal faste styremedlemmer og varamedlemmer vurderast kvar for seg, og i eit styre bestående av fire medlemmer skal det vere to av kvart kjønn.

Alle selskapa som har valt meir enn eit varamedlem, vel desse i rekkefølge.¹² Vest-Telemark PPT har ikkje vara til styret i 2022. Dette kan medføre at styremøte med høgt forfall ikkje kan gjennomførast,¹³ og det kan gi utfordringar med å sikre kontinuitet i styret.

Brannvernsamarbeidet har ikkje valt så mange varamedlemmer som følger av selskapsavtalen. Dersom det er eit vedvarande problem å fylle alle varaplassar bør selskapet og eigarane vurdere om talet på varamedlemmer er føremålstenleg, og eventuelt endre på dette i selskapsavtalen.

To av selskapa har vedtektsfesta valnemnd, mens eit av selskapa har dette fastsett i den felles eigarstrategien for selskapet. Ingen av representantskapa eller generalforsamlingane har fastsett

¹² Vest-Telemark Næringsbygg har berre eit varamedlem til styret.

¹³ IKS-lova § 12 krev at styre halve styret må vere til stades for at det skal vere vedtaksfør.

retningslinjer for valnemnda sitt arbeid. I eigarstrategien for Vest-Telemark kraftlag holding er samansetjinga av valnemnda og oppgåva deira beskrive kort.

For selskapa vi har undersøkt er det få retningslinjer for samansetjinga av styret, utover dei krava til styresamansetjing som går fram av vedtekter/selskapsavtalen. Med unntak av den felles eigarstrategien for Vest-Telemark kraftlag holding har vi ikkje sett at det er definert kva konkret kompetanse som er ønskeleg i styra til dei forskjellige selskapa.

Nissedal har føringar for kompetansesamansetjing i styra i eigarskapsmeldinga. Desse føringane ser i liten grad ut til å vere følgt opp i valprosessane.

Vi har ikkje fått protokoll eller grunngiving av forslag frå nokon av valnemndene. Ikkje alle valnemndene gir ei skriftleg innstilling. I innstilling frå valnemnd eller protokoll frå representantskap/generalforsamling står i hovudsak berre namn på kandidatane og kva kommune dei tilhøyrrer.

I aksjonæravtalen for Vest-Telemark kraftlag går det fram at eigarane skal ha rett til å utpeike eit styremedlem. I Vest-Telemark PPT er det vedtektsfesta at alle eigarane skal vere representert i styret. For dei andre selskapa, med unntak av Vest-Telemark Næringsbygg, synes det som etablert praksis at alle eigarane er representert i styret. Geografisk fordeling av styremedlemmer kan både gi geografisk og anna kompetanse til styret, men vi ser i liten grad at dei kompetansebehova som går fram av eigarskapsmeldinga blir særskilt vektlagt i valprosessane.

Vest-Telemark kraftlag og Vest-Telemark PPT vel heile styret samtidig. Dette aukar risikoen for at heile styret blir bytta ut på ein gong, noko som ikkje er tilrådeleg med tanke på kontinuitet i styret sitt arbeid.¹⁴

Fire av selskapa seier at dei har styreopplæring. To selskap viser til at dette er planlagt for hausten 2022. To av selskapa kan vise til etablert og regelmessig opplæring av styret.

Tre av selskapa kan vise til at det er gjort styreevaluering i den undersøkte perioden, men berre to av dei har fast praksis for dette.

Representantskapet i Vest-Telemark PPT har vedtatt ny selskapsavtale i juni 2022. Vi kan ikkje sjå at den nye avtalen er behandla av Nissedal kommunestyre. Selskapet har heller ikkje bedt eigarane om å vedta avtalen i kommunestyra. Etter vår vurdering er det gjort fleire endringar som krev at avtalen blir vedtatt av kommunestyret i alle eigarkommunane. Dette gjeld mellom anna endring i eigarar, eigarandelar og talet på styremedlemmer, jamfør IKS-lova § 4.

¹⁴ Dette poenget er framheva av kommunedirektøren i Nissedal i saksframlegget for eigarstrategien for Vest-Telemark kraftlag (kommunestyresak 56/18). Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse (NUES) påpeikar også at rekruttering til styre bør skje slik at ikkje heie styret blir skifta ut på ein gong (kommentarar til punkt 8).

I den nye selskapsavtalen til Vest-Telemark PPT går det fram at alle eigarar skal vere representert i styret, men talet på styremedlemmer er ikkje angitt. Vi vurderer at dette ikkje er tilstrekkeleg, då IKS-lova krev at talet på styremedlemmer skal gå fram av selskapsavtalen.

6. Konklusjonar og tilrådingar

6.1. Konklusjonar

Selskapa som kommunen eig leverer viktige tenester til innbyggjarane og/eller forvaltar betydelege økonomiske interesser for kommunen. God informasjon til folkevalde organ og klare styringslinjer er derfor viktig for den demokratiske kontrollen av selskapa. Eit godt samansett styre med ei samla kompetanse tilpassa selskapet sitt behov er ein viktig faktor for at selskapa skal fungere godt.

Eigarskapsmeldinga skal både gi informasjon om kommunens eigarskap og rammer for eigarstyringa av selskapa. Nissedal kommune si eigarskapsmelding vart vedtatt i førre valperiode (i 2018). Innhaldet er i samsvar med minstekrava i kommunelova, men vi ser at informasjon som namn og eigardel, for fleire av selskapa er utdatert. For å vere i samsvar med krava i kommunelova, må kommunen i kvar valperiode utarbeide ei eigarskapsmelding som kommunestyret skal handsame og vedta. Det er tilrådeleg å gjere dette så tidleg som mogeleg i valperioden.

Gode rutinar for handsaming av eigarsaker er viktig både for å sikre god informasjon til folkevalde organ og for å ha tydelege styringslinjer. Vi vurderer at kommunen delvis har etterlevd dei retningslinjene for handsaming av eigarsaker som vi har undersøkt.

I den undersøkte perioden (2021 til juni 2022) kan vi sjå døme på at det er gitt orienteringar om nokre av selskapa i kommunestyret. Det har også vore behandla to saker om selskap i kommunestyre og/eller formannskap. Kommunestyret har ikkje fått framlagt årsmeldingar frå selskap i perioden, slik det står i eigarskapsmeldinga. Ved eit høve har vi sett at eit styremedlem i selskapet som var part i saka, ikkje melde seg ugild, men har tatt del i kommunen si handsaming av saka.

Ein føresetnad for god handsaming i kommunen er at kommunen mottok innkallinga i tilstrekkeleg tid før generalforsamling eller representantskap. Det gir kommunen tid å vurdere innkallinga og gjere nødvendig handsaming administrativt eller politisk. Dei selskapa vi har undersøkt har ikkje halde fristen for innkalling til over halvparten av møta i den undersøkte perioden.

Val av styre er ei av dei viktigaste eigarhandlingane. Det er både eit høve for kommunen å påverke drifta til selskapet, men det er også viktig for å sikre god leiing av selskapet. Bruk av valnemnd er eit tiltak som kan hjelpe valprosessen både ved å samordne dei forskjellige eigarane og sikre både ei lovleg og hensiktsmessig samansetjing. Alle selskapa nyttar valnemnd. Med eit unntak, er styrevala i den undersøkte perioden i samsvar med lovkravet om kjønnsrepresentasjon. Vidare har alle selskapa, der det blir valde meir enn eit varamedlem, valt desse i rekkefølge, noko som gir kontinuitet i styrearbeidet og er i samsvar med tilråding frå KS. Vest-Telemark PPT har ikkje valt varamedlem til styret i 2022. Dette meiner vi er uheldig, då det kan føre til vanskar med å gjennomføre møte i styret og kan svekke kontinuiteten i styret sitt arbeid.

Det er lite skriftleg dokumentasjon av rammene til valnemndene og av arbeidet deira. Det gjer det vanskeleg vite kva dei vektlegg når dei innstiller på kandidatar. Eit kriterium som likevel blir vektlagt i dei fleste av selskapa vi har sett på, er at alle eigarane skal representerast i styre. Dette kriteriet går ikkje fram av Nissedal sin eigarstrategi. Der står det at styra skal setjast saman ut frå «kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapets behov, eigenart og formål.»¹⁵ Vi finn lite dokumentasjon av at valnemndene har vurdert desse kriteria i sitt arbeid.

Ei god kjelde for valnemnda er styrets evaluering av sitt eige arbeid. Derfor kan det vere nyttig at styret gjennomfører slike evalueringar fast. Av dei selskapa vi har sett på er det tre som kan vise til styreevaluering i perioden, men berre to av dei har det som fast praksis.

Ein anna måte å sikre styrets samla kompetanse er å gjennomføre opplæring. Fire av selskapa viste til at dei hadde opplæring, og to av desse hadde dette planlagt for hausten 2022. Berre eit selskap kunne vise til ein etablert praksis med opplæring i etterkant av styrevala.

6.2. Tilrådingar

- For å oppfylle krava i kommunelova må kommunestyret i Nissedal vedta oppdatert eigarskapsmelding kvar valperiode, helst tidleg i valperioden.
- Kommunen bør som eigar ta initiativ for å sikre at selskapa sender ut innkalling til generalforsamling/ representantskap i samsvar med gjeldande fristar.
- Kommunen bør sikre at årsmeldingar frå selskap blir lagt fram for kommunestyret i samsvar med retningslinene i eigarskapsmeldinga.
- Kommunen bør vurdere om kommunestyret får tilstrekkeleg informasjon om selskapa som kommunen eig.
- Kommunen bør sikre at valnemndene i selskapa tek omsyn til gjeldande føringar om styresamsetjing i eigarskapsmeldinga.
- Kommunen bør treffe tiltak for å sikre at krava til habilitet blir ivaretatt både i administrativ og politisk handsaming av eigarskapsaker.

¹⁵ Nissedal kommune, «Eigarskapsmelding», s. 7

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

Lov 13. juni 1997 nr. 44 om aksjeselskaper (aksjelova)

Lov 29. januar 1999 nr. 6 om interkommunale selskaper (IKS-lova)

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)

Forskrift 17. juni 2019 nr. 904 om kontrollutvalg og revisjon

Offentlege dokument

Ot.prop. nr. 97 (2002-2003) om endringer i aksjeloven, allmenaksjeloven og i enkelte andre lover

Prop. 46 L (2017-2018) om ny kommunelov

Kommunen sine dokument

Kst.-sak nr. 15/16

Framlegg til eigarskapsmelding for Nissedal kommune del 1-3

Kst.-sak nr. 55/18

Eigarskapsmelding del 1-4

Kst.-sak nr. 56/18

Felles eigarstrategi for Vest-Telemark kraftlag AS

Dokument

Eigarskapsmelding for Nissedal kommune

Dokument

Reglement for delegasjon av avgjerdsmynde

Dokument

Tilråding til felles eigarstrategi for Vest-Telemark Kraftlag AS (datert 22.06.18)

Dokument

Årsrekneskap 2021 (korrigert 31.03.22)

Bøker og elektroniske kjelder

Bernt, Jan Fridthjof og Oddvar Overå, *Kommuneloven 2018 med kommentarer*. Oslo: KF, 2019.

KS, *Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll*, Dag-Henrik Sandbakken (red.), Oslo: KS, 2020,

NUES, *Den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse*, nettside, nytta den 23.08.22, <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>

Vedlegg

Vedlegg 1: Eigarrepresentant og selskapa si fråsegn

Nissedal kommune

Den 14.09.22 fekk vi følgande høyringssvar frå Nissedal kommune:



Nissedal kommune
Kommunedirektør

VESTFOLD OG TELEMARK REVISJON IKS
Postboks 311
3701 SKIEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar:	Arkivkode:	Dato:
	2022/478-4	Sverre Sæter, 35048402 sverre.seter@nissedal.kommune.no	026	14.09.2022

Høyringssvar på eigarskapskontroll i Nissedal kommune

Eg viser til utkast til rapport om eigarstyring i Nissedal kommune.

Kommunedirektøren tek til vitande konklusjonane og tilrådingane i utkastet, og har ingen merknader til desse eller andre forhold i rapporten.

Med helsing

Sverre Sæter
Kommunedirektør

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ikkje underskrift.

Vest-Telemark brannvern IKS

Den 15.09.22 fekk vi e-post frå konstituert brannsjef med følgende uttale:

Vest Telemark brannvern IKS tar rapport om eigarstyring og styreval Nissedal Kommune til etterretning. Vest telemark Brannvern IKS har gjort og vil i framtida rette opp i feil som er påpeika i rapporten. Vest Telemark brannvern IKS har ellers ingen innspill til rapporten.

Mvh
Vest Telemark brannvern IKS

Torbjørn Lia
Konstituert brannsjef
Tlf : 97 66 19 11
E-post : torbjorn.lia@vtbv.no



Kvito AS med dotterselskap

Den 15.09.22 fekk vi e-post frå dagleg leiar med følgende uttale:

Hei

God rapport.

Kjenner oss igjen i den.

Beklager litt kort tid på innkalling, det skyldes litt hastverk med å danne konsern og det å vente på at årsregnskapet skulle bli ferdig.

Rom for forbedring

Ingen merknader anna enn at det ser korrekt ut det vi kan kjenne oss igjen i.

Mvh

Torbjørn Blichfeldt Dyrland
Dagleg leiar
Kvito as
Mail: torbjorn.dyrland@kvito.no
Tlf: 932 61 670
www.kvito.no



Vest-Telemark PPT

Den 23.09.22 fekk vi e-post frå dagleg leiar som bekrefta at selskapet ikkje hadde kommentarar til rapporten.

Vest-Telemark kraftlag Holding AS med dotterselskap

Den 05.10.22 fekk vi e-post frå konsernsjef med følgjande høyringsssvar:

Hei.

Viser til oversendt utkast til revisjonsrapport.

Her er tilbakemelding frå VTK v/adm.direktør (ikkje styrebehandla):

Generelt: Gode observasjonar som eg ikkje har andre merknader til enn det som fylgjer under:

- 1. Innkallingsfrist (s. 11 og 13): Dine merknader er nok rette i høve til når sakspapir er sendt ut. Dato for møtet er avtalt/varsla i svært god tid.*
- 2. Styreval (s. 20 og s 23): Etter at kravet om 3 av kvart kjønn kom, så har heile styret vore på val kvart andre år. Dette for å sikre full fleksibilitet i høve til kjønnsfordelinga mellom eigarane.*

Med val kvart år ville det vera høvesvis 2M+1K og 1M og 2K. GF har difor sett bort ifrå eigarstrategien på dette punktet.

Utfordringa i høve til kontinuitet er vel heller at styremedlemer blir bytta ut som konsekvens av endring i politisk makt i kommunen (etter kommuneval).

I førre årtusen vart dette i mindre grad vektlagt.

Mvh

Vest-Telemark Kraftlag

Ketil Kvaale

Konsernsjef

Vest-Telemark næringsbygg

Den 05.09.22 fekk vi e-post frå dagleg leiar som bekrefta at selskapet ikkje hadde kommentarar til rapporten.

Vedlegg 2: Metode og kvalitetssikring

Eigarskapskontrollen starta med oppstartsbrev 12.05.22.

Eigarskapskontrollen er gjennomført på ein måte som sikrar at informasjonen i rapporten er relevant og påliteleg.

Innsamling av relevante og pålitelege data

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre seg i perioden mai til august 2022.

Vi har henta inn og gått gjennom kommunen si eigarskapsmelding og delegasjonsreglement, samt dokumentasjon frå eigarorgan, valnemnd og politiske organ i kommunen. Dette gjeld til dømes innkallingar og protokollar frå generalforsamlingar og kommunestyre. Vidare har vi henta informasjon om selskapsstyra og anna relevant selskapsinformasjon frå offentlege register, årsmeldingar, selskapa sine nettstader og liknande. Styreleiar/dagleg leiar i selskapa har fått og svara på spørsmål via e-post.

Vi har undersøkt praksis i eit utval av selskapa som kommunen har eigarskap i. Ved val av selskap la vi vekt på eigardel, variasjon i selskapsform og type verksemd. Vi valde ut følgjande selskap:

- Interkommunalt Brannvernsamarbeid i Vest-Telemark IKS (Brannvernsamarbeidet)
- Vest-Telemark kraftlag holding AS med dotterselskap (konsern)
- Kvito AS med dotterselskap (arbeidsmarknadsverksemd – konsern frå 1.1.2022)
- Vest-Telemark Næringsbygg AS (privat medeigarskap)

Vi har sjekka ut med kommunen og selskapa at fakta i rapporten er korrekt framstilt. Dei har fått høve til å kome med fråsegn til rapporten, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 14. Fråsegnene ligg i vedlegg 1.

Personopplysningar

I samband med denne forvaltningsrevisjonen har vi behandla personopplysningar som namn og e-postadresse til tilsette og politikarar i kommunen, samt styreleiar/dagleg leiar i selskapa.

Vårt rettslege grunnlag for å behandle personopplysningar er kommunelova § 24-2 fjerde ledd.

Vi handsamar personopplysningar slik det er sagt i personvernerklæringa vår. Den er tilgjengeleg på vår nettside vtrevisjon.no.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Eigarskapskontroll skal gjennomførast, dokumenterast, kvalitetssikrast og rapporterast i samsvar med kommunelova og god kommunal revisjonsskikk.¹⁶

Kvalitetssikringa skal sikre at undersøkinga og rapporten har nødvendig fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Vestfold og Telemark revisjon IKS har et system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll.¹⁷ Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med vårt kvalitetskontrollsystem og i samsvar med krava i RSK 002.

¹⁶ God kommunal revisjonsskikk i forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll kjem til uttrykk først og fremst i RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eigarskapskontroll. Gjeldande standardar er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre hausten 2020. Standardane bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar, fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).

¹⁷ ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tjenester.



Vestfold
og Telemark
revisjon

På vakt for felleskapets verdier

Rapporten er laga av
Vestfold og Telemark revisjon IKS

Har du spørsmål til rapporten?

Ta kontakt med oss:

Telefon: 33 07 13 00

E-post: post@vtrevisjon.no

www.vtrevisjon.no

22: 3822 402